



AGDER
fylkeskommune

Bygland


Utval statistikk for gjennomgående tema i regionplan Agder

17 SAMARBEID
FOR Å NÅ MÅLENE





Kjappe fakta om Bygland kommune



| Areal (km2) | |
|--------------------------|---------|
| Areal | 1 311,7 |
| Landareal | 1 142,9 |
| Bebyggd/samferdsel areal | 6,6 |
| Ferskvatn | 168,9 |
| Jordbruksareal | 9,4 |
| Verna areal | 333,8 |


| Folk | |
|------------------------|--------------------------|
| Folketal | 1 136 |
| Andel kvinner | 47,4 (Agder: 49,8) |
| Andel i tettstad (SSB) | 29 % |
| Gjennomsnittsalder | menn 45,5 - kvinner 45,4 |
| Forventa levealder | menn 79,7 - kvinner 80,1 |
| Personar per hushald | 2,02 (Agder: 2,16) |

| Tenester | |
|---------------------|---------------|
| Barneskular | 2 (85 elevar) |
| Ungdomsskular | 1 (35 elevar) |
| Vidaregåande skular | |
| Tannklinikk | Bygland |
| Fylkesveg (km) | 52 |



| Samfunn | |
|-----------------------------|----------------------|
| Administrasjonssenter | Bygland |
| Interkommunalt politisk råd | Setesdal |
| Sentralitetsklasse | 6 |
| Distriktsindeks | 32,8 |
| BA-område | BA44 Evje og Hornnes |



Befolkning og demografi



SSB spår befolkningsauke i Bygland som følge av positiv netto innvandring og positiv netto innanlands flytting.




Dersom SSB's framskriving slår til, vil alders bereevna minka frå dagens 2,4 til 1,8 i 2040. Aldringa er sterkare i Bygland enn snittet for Agder.

Befolkningsutvikling

Frå 2018 til 2023 minka folketalet i Bygland med 71 personar (-5,9 %).

Nedgangen har vore størst i Grendi, Langeid og Byglandsfjord, og i same periode auka befolkninga berre i grunnkretsane Austad Austside, Ose-Moi og Sandnes-Åraksbø.


Innvandring til byane, aldring, og ynskje etter nærleik til service/tenester og arbeidsmarknad gjer at mange kommunar kan oppleve vekst i kommunesenter og tettstader sjølv om folketalet samla går ned. Slik har det òg vært i Bygland tidlegare, men ikkje i denne perioda.



Bustadbygging

- I perioden 2017-2022 ble det igangsett ca. 2 bustader i året, hvorav ca. 40 % einebustader.


Igangsatte boliger - SSB 05940



Bustadmasse

- Det er 876 bustader i kommunen (budde og ubudde).

Boligmassen per 2023 (andel i prosent) - SSB 12941



[Rapport boligstatistikk](#)



Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar

I Regionplan Agder 2030 teiknast et framtidsbilette der Agder i 2030 lukkast med å bruke det grønne skiftet til innovasjon og verdiskaping i privat og offentlig sektor. Utvikling og bruk av ny teknologi har medverka til å løyse store miljø- og klimautfordringar. Agder har utnytta moglegheitene innan digitalisering, automatisering og kunstig intelligens. Sirkulær økonomi, der ressursar og produkt blir gjenbrukt er et hovudprinsipp for næringsutvikling og vekst.



Syssestelling

Regionale forskjellar:


- Lågast syssestillingsandel helt aust i Agder, og høgast andel i dei aller minst sentrale kommunane.

Bygland:

- Høgare syssestillingsandel enn gjennomsnittet for fylket, men lågare enn landsgjennomsnittet.


| 20-66 | Begge kjønn | Menn | Kvinner |
|---------|-------------|------|---------|
| Bygland | 74,0 | 75,2 | 72,5 |
| Agder | 73,8 | 76,4 | 71,1 |
| Norge | 77,1 | 79,2 | 74,9 |

[Rapport syssestelling](#)




Bu- og arbeidsmarknader

- Evje og Hornnes er senterkommune for Bygland. Bere 53,8 % av sysselsatte med bustad i Bygland arbeider i Bygland per 4. kvartal 2022 (SSB). 21,8 % arbeider i Evje og Hornnes, og 7,7 % arbeider i Kristiansand.




Kommunens viktigaste pendlingsrelasjonar per 4. kv 2022 (SSB)

Definisjon:
Ein region med felles marknader for arbeidskraft og arbeidsplassar, der innbyggerane ikkje treng å flytte eller bruke vesentlig tid på å reise for å arbeide




Sektorfordeling og tilsetteutvikling

Sysselsatte per sektor, 4. kvartal (SSB 13472)





Sysselsatte per sektor, 4. kvartal 2022 (SSB 13472)



Bygland har ein mykje lågare andel tilsette i privat sektor enn snittet for Agder og Norge u/Oslo.

| Bygland | | | | |
|----------------------------|--------|--------|--------|--------------|
| Sektor | Antall | Andel | Agder | Norge u/Oslo |
| Offentlige eide foretak | 0 | 0,0 % | 2,2 % | 2,1 % |
| Fylkeskommunal forvaltning | 0 | 0,0 % | 2,5 % | 3,9 % |
| Statsforvaltningen | 41 | 9,0 % | 9,7 % | 10,8 % |
| Kommunal forvaltning | 179 | 39,1 % | 22,2 % | 20,0 % |
| Privat sektor | 238 | 52,0 % | 63,4 % | 63,2 % |

Næringsstruktur – 4. kvartal 2022




Byglandsfjord sag AS (Saging, høvling og impregnering av tre) og Containertech AS (Produksjon av maskiner og utstyr) er dei største industribedriftene i Bygland.



Levekår, likestilling, inkludering og mangfold

Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilde der Agder er ein attraktiv region å bu i, arbeida i og besøkje. Byane, tettstadene og bygdesentera er trygge og attraktive stader med identitet og innovasjonskraft. Stadene er kompakte, tilrettelagt for alle, uansett funksjonsevne, og ivaretar behova som både minoritetsgrupper og ein stadig aukande andel eldre har.




Grunnskulepoeng

- Bygland ligg over fylkessnittet for grunnskulepoeng for de siste fire årene.
- Grunnskulepoenga for 2020, 2021 og 2022 er basert på standpunkt, sidan eksamenar blei avlyst under pandemien. Dette gjer at grunnskulepoenga for desse åra ikkje utan vidare kan samanliknast med andre år.

[Rapport grunnskulepoeng](#)

Grunnskulepoeng for begge kjønn, siste 4 år




Gjennomføring vidaregåande opplæring

- For 2016-kullet var gjennomførings-graden i kommunen 93,4 %. Dette er mykje høgare enn snittet for Agder.
- Tabellen under viser fordeling av 1. ønske-søkere til vgo for 2023.

| Utvalg | Kjønn | Yrkesfag | Studieforb. |
|---------|-------------|----------|-------------|
| Bygland | Begge kjønn | 25,0 % | 75,0 % |
| | Kvinner | 0,0 % | 100,0 % |
| | Menn | 33,3 % | 66,7 % |
| Agder | Begge kjønn | 56,7 % | 43,3 % |
| | Kvinner | 50,4 % | 49,6 % |
| | Menn | 62,9 % | 37,1 % |



Gjennomføring vgo, Agder, kommune, begge kjønn



Rapport gjennomføring

Lærekontraktar kommunal og privat sektor

- Bygland er ein av syv kommunar som har nådd målsetjinga om tre lærekontraktar i kommunal sektor per 1000 innbyggjarar.
- Bygland har 6 lærekontraktar i kommunal sektor.
- Bygland har 9 lærekontrakt per 1000 innbyggjarar i privat sektor.




Deltid kvinner 20-66 år

Regionale forskjellar, men:

- Alle kommunane på Agder har høgare deltidsandel blant kvinner enn landsgjennomsnittet.
- I 15 kommuner jobbar fleirtalet av kvinner deltid.

| 20-66 år | Begge kjønn | Menn | Kvinner |
|----------|-------------|------|---------|
| Bygland | 36,0 | 22,1 | 52,0 |
| Agder | 31,9 | 18,3 | 46,0 |
| Norge | 26,4 | 16,6 | 36,6 |

[Rapport deltid kvinner](#)




Sysseletjing etter landbakgrunn

- Blant innvandrarar – og særleg innvandrarar frå Gruppe 2-land – er det ein betydeleg lågare sysseletjing enn befolkninga elles.
- Tala understrek verdien av ei målretta satsing på kvalifisering og inkludering av innvandrarar frå Gruppe 2-land til arbeidslivet.

[Rapport sysseletting](#)


Andel sysselettede over tid, landbakgrunn og kjønn (20-66 år)



Vedvarande låginntekt

- Inntekt og økonomi er grunnleggande påverknadsfaktorar for helse, og forskning har vist at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand.
- Låginntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død.
- Andel personar i hushald med låginntekt har auka meir i Agder enn i Norge elles.

Andel personer i husholdninger med vedvarende lavinntekt (EU60)






[Rapport lavinntekt](#)

Tannhelse

- Den offentlige tannhelsetenesta overvakar tannhelsa i den unge befolkninga gjennom systematiske registreringar av antal nye hol, tannflater med fyllingar og tapte tenner (DMFT).
- Registreringane gir eit grovt mål på utviklinga i tannhelsa over fleire år, og gjev moglegheit for å samanlikne tannhelsa mellom kommunar, fylke og gjennomsnitt for landet.

Rapport tannhelse






Klima og miljø

Regionplan Agder 2030 teiknar eit framtidsbilde der Agder har redusert klimagassutslepp med minst 45 prosent. Nødvendig infrastruktur for eit fullelektrisk samfunn er bygd ut, mens informasjons- og kommunikasjonsteknologi har gjort det enkelt å velje den mest klimavennlige løysinga for innbyggjarane og besøkande. Natur- og landbruksområder er ivaretatt for framtidige generasjonar, og er ein del av regionens ressursgrunnlag og identitet.




Klimagassutslepp – referansebanar

- Regionplan Agder har mål om at årlege utslepp skal nær bli halvert i 2030, og at reduksjonen skal vere på 90% i 2050 i forhold til i 2017.
- Figuren viser korleis målbanen for regionplan Agder ser ut for Bygland.
- Desse måla betyr at årlege utslepp i Bygland må ned frå 7 000 tonn i 2017 til 3 800 tonn i 2030 og 700 tonn i 2050.
- Referansebanen viser effekten av allereie vedtatte, nasjonale tiltak.



Elektrifiseringsgrad per sektor

- Målbildet Electric Region Agder 2030 handlar om å utnytta eit av regionens globale fortrinn for å realisera ein visjon om eit Agder kor alt er elektrisk, alt er fornybart.
- Dette skjer gjennom å elektrifisera samfunnet ved å erstatta fossil energi med fornybar elektrisitet.



[Rapport elektrifisering](#)



AGDER
fylkeskommune

Klimagassreduksjon i Bygland

7 207

Dagens
Klimagassutslipp
(tonn CO2-ekv)

3 739

Klimagassutslipp ved
fullelektrifisering*
(tonn CO2-ekv)


48 %

Redusert
klimagassutslipp etter
elektrifisering

*Elektrifisering av Transport og annen mobil forbrenning


Arealressurser

Per 2022 er 46 % av Bygland dekt av open fastmark, 36 % skog, 13 % ferskvatn, 3,7 % myr, medan fulldyrka jord utgjør 0,6 %. Bebyggt areal og samferdsel utgjør til saman 0,5 %.




Ca. 25 % av arealet i Bygland er vernet etter naturmangfaldlova.

Samlet for Agder er 16,3 % av arealet vernet.



Planlagt arealbruk

- Regionalt arealreikneskap er utarbeida ved å samanstille kommuneplanen sin arealdel, digitale reguleringsplanar, arealressursdata (AR5 og AR50) og SSB sitt datasett for arealbruk.
- Regionalt arealreikneskap viser at Bygland har satt av sers store areal, og då særleg til fritidsbustader.
- Samla er det sett av byggeområde i natur tilsvarende 22 dekar per innbyggjar.
- Gjeldande planar opnar for utbygging av meir enn 18 000 dekar skau og 2 800 dekar myr.



Fritidsbebyggelse og eiere

- Det er ca. 910 bruksenheter til fritid i Bygland, og nesten 1400 eiere (alle eierandeler inkludert).
- Kristiansand er største «hytteeierkommune».

